



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd**

**Møtedato:** 01.06.2017  
**Møtetid:** kl. 19:00  
**Møtestad:** Nes menighetshus (kyrkjekontoret)

### **Til stades:**

Anlaug Jorunn Bergan, Jarl Olav Rugtveit, Geir Valle, Tora Skjerkholt Aarnes, Lars Roe, Rune Nilsen, Målfrid Nygård Laskemoen, Anne Marie Etholm, Anne-Inger Lunner.

### **Meldt forfall:**

Alf Rose Sørugaarden, Johannes Sand.

### **Saker**

#### **Sak 000010 Orientering om prestenesta**

Prosten orienterte om fordeling av presteressursane i Sauherad og Bø, samt andre aktuelle saker.

#### **Sak 000011 Orientering frå styret for Nes menighetshus**

Skriftleg orientering frå styret for Nes menighetshus var sendt ut saman med innkallinga.

#### **Sak 000012 Utleigeansvar på menighetshuset**

Styret for menighetshuset har kontakta kyrkjekontoret med foresurnad om kontoret kan ta på seg eit ansvar for utleige av huset til "tilfeldige " brukarar.

#### **Sak 000013 Arrangement i menigheten**

Drøfting av ansvars og arbeidsfordeling mellom stab, råd og frivillige når det gjeld større arrangement i menigheten. Soknerådet ga tydeleg signal om dei må spørjast når det er behov for hjelp til arrangement.

#### **Sak 000014 Informasjonstavler ved kyrkjene**

Arbeidet er i gang med å forfatte og redigere innhald på informasjonstavler som skal settast opp ved begge kyrkjene.

#### **Sak 014/17 Uttale om revisjon og årsrekneskapen 2016**

I revisor si uttale om årsrekneskapen for 2016 konkluderar han med at;

- disposisjonane i all hovedsak er i samsvar med budsjett
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente, o i samsvar med lov og forskrifter
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar:

#### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet tek uttala frå revisor til orientering.

#### *Møtebehandling:*

#### *Vedtak:*

Soknerådet tek uttala frå revisor til orientering.



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Sak 015/17 Temakvelder og småsamlingar høsten 2017**

I forige soknerådperiode blei det halde nokre temakvelder, eller bibeltimar om du vil, kvart semester. Det var som regel prest ok soknerådsleiar (Tom Arne Møllerbråten) som hadde dei, og dei blei halde på Nes menighetshus og Sunds bedehus.

Desse kveldane hadde relativt godt besøk (15-25 stk), og det viktigaste her var å gå nøyare inn på ulike tema eller delar av Bibelen. I tillegg var det ein liten kaffekopp og matbit.

Det er etterspurt å kome i gang igjen med desse temakveldene, og soknerådet inviterast til å sørge for at så skjer.

Menighetens småsamling, som eit slags «motstykke til «storsamlinga» (dvs G-17) blei i si tid sett i gang av gudstjenesteutvalget. Konseptet var i korte trekk flg;

- Samlingar ein gong pr mnd (3-5 pr semester)
- På faste plassar, dvs at nokre opna heimane sine i ulike delar av kommunen
- Nedslagsfeltet var da eit geografisk område, t.d delt av jernbanen gjennom Gvarv
- Tidsrom kl 20-22
  - Den fyrste timen mat og sosial prat
  - Den andre timen gjennomgang av søndagens prekentekst
- Samlinga og samtala blei leia av éin person, utpekt av soknerådet.

I starten var det tre slike småsamlingsgrupper, så lang kyrkjevevja veit; ein på kvar sida av jernbanen i Nesherad, og ei i Sauherad (Nordagutu). I dag er det 1,5. Det er litt ulike årsakar til at talet er redusert, og det er eit sterkt ynskje frå enkelte at soknerådet tek tak i dette arbeidet og hjelper det vidare..

Da må spørsmål som leiarskap, kva småsamlingane skal vere og lokalisering.

### *Forslag til vedtak:*

Saka leggest fram utan forslag til vedtak

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Soknerådet v/leder tar ansvar for at det blir 2 temakvelder på menighetshuset høsten 2017. Soknerådet v/leder vil i samarbeid med leder for gudstjenesteutvalget, innhente en oversikt over eksisterende småsamlinger og opprette en ny gruppe småsamling på menighetshuset.

Soknerådets leder og leder av gudstjenesteutvalget vil lage en oversikt over forventede innhold på samlingene. Dato, sted og tidspunkt for samlingene må kunngjøres i Helsing



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Sak 016/17 Møteplan 2. halvår 2017**

For 2. halvår 2017 blir det lagt opp til å halde møte i driftsutvalget (DU) og soknerådet (SR) på same dag, med ca 1 times mellomrom. På den måten blir det litt færre frammøte på enkelte. Det kan vere behov for fleire møter enn dei som her er lagt opp til, og da kanskje i DU.

Det er planlagt med at sokneråda i Bø og Sauherad har møte dei same vekene, og at møte i fellesnemnda (tre stk) blir lagt midt mellom SR-møta. På den måten kan ein sende saker begge vegar mellom sokneråda og fellesnemnda.

### *Forslag til vedtak:*

Sokneråde gjer vedtak om flg møteplan for 2. halvår 2017: 24. august, 28. september, 9. november og 7. desember.

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Sokneråde gjer vedtak om flg møteplan for 2. halvår 2017: 24. august, 28. september, 9. november og 7. desember.

## **Sak 017/17 Samansetjing og mandat til kyrkjeleg fellesnemnd**

Den foreløpige kyrkjelege fellesnemnda hadde møte i Sauherad 6.april 2017. Vedlagt ligg protokoll frå møtet. Dette var det fyrste møte i nemnda. Vegen vidare blei drøfta, og nemnda fant det naudsynt å sende ein del saker tilbake til sokneråda

### **Nemnda si samansetning og funksjonstid**

Foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd ynskjer å avklare samansetning og funksjonstid. Da dei fire medlemmane i nemnda er leiar og nestleiar i kvart sitt sokneråd ynskjer dei å avklare at dei er valt til nemnda som medlemmar av soknerådet, og at dei sit ut funksjonstida til nemnda uavhengig av deira rolle i soknerådet. Vidare blei samansetninga drøfta. Det blei spørsmål om det burde vere med ein representant frå kommunane si fellesnemnd og ein representant for biskopen. Nemnda var samde om at dei vil be sokneråda om å be prosten i Øvre Telemark om å vere med i nemnda. Fellesnemnda var usikre på om det var naudsynt å ha med ein representant frå fellesnemnda.

Rettleiaren «Kirkelig fellesråd og kommunesammenslåing» har ein detaljert gjennomgang og kjem med tydelege råd for samanslåingsprosessen. Rettleiaren ligg vedlagt. Under fylgjer utdrag om mandat, samansetning og funksjonstid:

### **5.2 Kirkelig fellesnemnd: Mandat, sammensetning og funksjonstid**

#### **5.2.1 Mandat**

*Fellesnemnda må etter likelydende vedtak i hvert felleråd få fullmakt til å fatte viktige beslutninger som sikrer både prosjektets fremdrift så vel som sikrer at den nye organiseringen er operativ fra datoen kommunesammenslåingen gjelder. I tidligere kommunesammenslåinger har den kommunale fellesnemnda vanligvis hatt vide fullmakter til å utforme den nye kommunen, og det har vært en klar rollefordeling mellom fellesnemnd og kommunestyre. Tanken bak er at dette sikrer god politisk styring og en smidig og effektiv prosess. Det nøyaktige mandatet må alle de involverte fellerådene bli enige om. I brev til KA av 25.6.2015 uttaler Kulturdepartementet at:*

«slik departementet ser det, vil kirkelige felleråd i en sammenslåingsprosess kunne gi fullmakter etter behandling av saken i det enkelte kirkelige felleråd. En sammenslåingsprosess er begrenset i tid og varer fra det er truffet et vedtak om sammenslåing etter inndelingslova til det nye fellerådet skal tre i funksjon. Videre



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

vil de aktuelle fullmaktene fremme et bestemt formål og være innenfor et saklig begrenset område». Hvor langt adgangen til å gi fullmakt til en kirkelig fellesnemnd rekker, må vurderes konkret. Rettslig sett er dette et uavklart område for kirkelig sektor. Kulturdepartementet antar likevel at fellesrådene kan gi en kirkelig fellesnemnd fullmakt til å forberede budsjett og økonomiplan for det første driftsåret, tilsette personale og opprette et felles, partssammensatt utvalg, samt vedta andre nødvendige samordningstiltak etter fullmakt fra fellesrådene (Kulturdepartementet i brev av 25.6.2015). KA har utarbeidet momenter man må ta stilling til ved utarbeidelse av fullmakt (se vedlegg 1). Departementet har fått fullmakten forelagt, og har uttalt at den er i tråd med den forståelsen departementet har gitt til kjenne i brev av 25.juni 2015, vist til over. Det er samtidig mulig for fellesrådene å gi kirkelig fellesnemnd et mer begrenset mandat enn det vårt forslag legger opp til. Merk imidlertid at dette i så fall vil medføre at fellesrådene må fatte likelydende vedtak for å ta viktige avgjørelser. Jo fl ere råd som er involvert, jo mer krevende vil arbeidet kunne bli. Hva som er mest hensiktsmessig lokalt vil likevel kunne variere og fordeler og ulemper må vurderes konkret.

## 5.2.2 Sammensetning og funksjonstid

KA anbefaler følgende:

- Kirkelig fellesnemnd nedsettes så snart formelt vedtak om sammenslåing av kommunene er fattet, enten av Stortinget eller i form av kongelig resolusjon.
- Funksjonstiden til fellesnemnda er fram til 1. desember året før sammenslåingen trer i kraft. Menighetsrådene velger en eventuelt to (avhengig av antall sokn) medlemmer til det nye fellesrådet i løpet av november. Det nye fellesrådet konstitueres innen utgangen av november og trer i kraft 1. desember.
- Fellesnemnda trer ut av funksjon 1. desember.
- De «gamle» fellesrådene fortsetter å være i funksjon fram til årsskiftet, men med ansvar og myndighet begrenset til å avvikle egen virksomhet.
- Kirkelig fellesnemnd bør bestå av minimum 2 folkevalgte representanter fra hvert fellesråd (men det kan åpnes for flere representanter samt ulik fordeling fra hvert fellesråd)<sup>3</sup>. I utgangspunktet bør det imidlertid tilstrebes likeverdighet. Det innebærer at fellesråd i små kommuner har lik representasjon som fellesråd i store kommuner
- I tillegg til de folkevalgte bør biskopen utpeke en prost eller prest og den kommunale fellesnemnda velger en kommunal representant som medlemmer i fellesnemnda. Deres rolle i kirkelig fellesnemnd er tenkt å speile rollene disse har i kirkelig fellesråd. I arbeidet med å slå sammen kirkelige fellesråd vil det være særlig hensiktsmessig at den kommunale representanten er medlem i den kommunale fellesnemnda. Dette vil kunne lette informasjonsflyten mellom kommune og kirke i prosjektperioden.
- Kirkevergene bør ha møte- og talerett i kirkelig fellesnemnd.
- Det kan opprettes arbeidsutvalg hvor prosjektleder og kirkevergene deltar.
- Det kan opprettes temagrupper på nærmere avgrensede felt hvor ressurspersoner deltar. Dersom slike temagrupper opprettes bør arbeidstakerrepresentanter delta, jf. Hovedavtalen § 7-3.
- Sekretær for fellesnemnda er prosjektleder for sammenslåing av de kirkelige fellesråd.
- Prosjektleder forbereder saker for fellesnemnda og har møte-, tale- og forslagsrett.
- Leder og nestleder av fellesnemnda velges av fellesnemnda og funksjonstid må avklares.
- Fellesnemnda er ikke ansvarlig for den daglige virksomheten i fellesrådene så lenge fellesrådene består som selvstendige enheter.
- Fellesnemnda bør få kopi av alle møtebøker fra de eksisterende fellesrådene.
- Fellesnemnda har et medansvar for at medbestemmelse blir ivaretatt. Hvordan dette best gjøres må drøftes med de tillitsvalgte så tidlig som mulig (jf. HA § 9-4).
- Merk at fl ere kommuner har valgt å nedsette en «midlertidig fellesnemnd» i påvente av endelig godkjenning av Stortinget. Dette er også en mulighet som kirkelig fellesråd kan vurdere for å legge sine prosesser så tett som mulig opp til de kommunale. Hensikten er å begynne forberedelser for å få en effektiv prosess. Fellesrådene må i så fall bli enige om sammensetning og mandat for denne midlertidige nemnda og vedta dette som likelydende vedtak. Medbestemmelse må også sikres i forbindelse med en slik midlertidig fellesnemnd. Hvordan dette skal gjøres må diskuteres med tillitsvalgte lokalt.

## Forslag til samansetning

Fellesnemnda foreslår at foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd bli utvida med ein representant til frå kvart sokneråd. Det bør veljast ein ekstra vararepresentant, slik at det er to varapersonar. Det bør vere fyste og



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

andre vara. Vidare ber nemnda sokneråda om å be prosten om å vere med i nemnda som biskopens representant. Ein føresetnad vil vere at biskpen godkjenner dette. Fellesnemnda ber også sokneråda om å kontakte den kommunale fellesnemnda og be om at dei veljar ein representant til kyrkjeleg fellesnemnd for dei to kommunane. Kyrkjevevjene bør ha møterett og talerett i nemnda.

## **Funksjonstid**

Foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd ber sokneråda fastsette at foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd fortsetter som kyrkjeleg fellesnemnd når vedtaket om samanslåing blir gjort på Stortinget, og at funksjonstida er fram til 1.desember 2019.

## **Mandat**

Foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd foreslår at sokneråda gir nemnda mandat til å velje prosjektleiar for samanslåingsprosessen. Vidare ber nemnda om mandat til å sette saman felles partssamansett utval/ administrasjonsutval. Kyrkjevevjene har sendt ein førespurnad til kommunane (den er vidare sendt til kommunal fellesnemnd) og søkt om reformstøtte til ein merkantil ressurs for å avlaste prosjektleiar og til tiltak gjennom samanslåingsprosessen. Nemnda ber om mandat til å opprette ein merkantil prosjektstilling og tilsette i denne. Rettleiaren til KA bør vere grunnlag for nemnda sitt arbeid.

### *Forslag til vedtak:*

Sauherad og Nes sokneråd vel Tora Skjerkholt Aarnes som tredje representant til kyrkjeleg fellesnemnd, i tillegg til Lillil Bergan og Jarl Olav Rugtveit. Rune Nilsen veljast som vararepresentant saman med Anne Marie Etholm.

Foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd fortsetter som kyrkjeleg fellesnemnd etter offisielt vedtak om kommunesamanslåing av Sauherad og Bø, og får funksjonstid fram til 1.desember 2019.

Medlemene i nemnda er valt uavhengig av si rolle i soknerådet. Nemnda konstituerer deg sjølv. Kyrkjevevjene har møterett og talerett i nemnda.

Soknerådet gir nemnda mandat til å velje prosjektleiar for prosessen og sette saman partssamansett utval/ administrasjonsutval. Nemnda får også mandat til å tilsette merkantil hjelp i prosjektstilling i prosjektperioden til å avlaste prosjektleiar i prosessen.

### *Møtebehandling:*

Soknerådet presiserer at kyrkjevevja må tilsetjast som ein eigen prosess. Det ligg ingen føringar om at prosjektleiar automatisk skal bli den nye kyrkjevevja.

### *Vedtak:*

Sauherad og Nes sokneråd vel Tora Skjerkholt Aarnes som tredje representant til kyrkjeleg fellesnemnd, i tillegg til Lillil Bergan og Jarl Olav Rugtveit. Rune Nilsen veljast som vararepresentant saman med Anne Marie Etholm.

Foreløpig kyrkjeleg fellesnemnd fortsetter som kyrkjeleg fellesnemnd etter offisielt vedtak om kommunesamanslåing av Sauherad og Bø, og får funksjonstid fram til 1.desember 2019.

Medlemene i nemnda er valt uavhengig av si rolle i soknerådet. Nemnda konstituerer deg sjølv. Kyrkjevevjene har møterett og talerett i nemnda.

Soknerådet gir nemnda mandat til å velje prosjektleiar for prosessen og sette saman partssamansett utval/ administrasjonsutval. Nemnda får også mandat til å tilsette merkantil hjelp i prosjektstilling i



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

prosjektperioden til å avlaste prosjektleiar i prosessen.

Det ligg ingen føringar om at prosjektleiar automatisk skal bli den nye kyrkjevevja.

## **Sak 018/17 Midlar til ungdomsarbeidar i "Ønsket og elsket"**

### **Innleiing**

Ungdomsarbeidet «Ønsket og elsket», med felles konfirmasjonsleirar om sommaren og felles leiartreningsopplegg for ungdommar etter konfirmasjonstida, er på veg til å bli ein ryggrad i ungdomsarbeidet i Øvre Telemark prosti i tida framover. Dette prosjektet er så viktig og har blitt så stort at det er på tide å få etablert klare avtaler for drifta vidare.

I prospektet for dette arbeidet, utarbeidd av arbeidsgruppa til prostirådet, blei det lagt fram at trongen for ressursar til å drive «Ønsket og elsket» vil vera om lag eit årsverk, i tillegg til dei lokale ressursane som er med på leirar og liknande. Bispedømet, ved prosten, bidrar no med ei halv prestestilling til «Ønsket og elsket». Det er Petter Jakobsen, ungdomsprest i Seljord, som er i denne stillinga.

Den nye stillinga som ungdomsarbeidar har ikkje blitt organisert med skriftleg avtale mellom dei ulike sokna/fellesråda i prostiet, men kyrkjevevjene signaliserte i eit møte 14.04.16 at denne stillinga vil vi ha, og bør greie å finansiere ho saman. Silje Nilsen Østensen blei tilsett som ungdomsarbeidar i 30% stilling frå 01.06.16, tenkt vidareført etter arbeidsavtale til 31.08.17. Ho har Seljord kyrkjelege fellesråd som formell arbeidsgjevar sidan ho jobbar saman med Petter Jakobsen med «Ønsket og elsket», og har kontor plass på kyrkjekontoret i Seljord.

Sidan leiartreningsopplegget ikkje var fullt utbygd i 2016 gjekk ein inn for ei 30% stilling som ungdomsarbeidar i starten, men det er signalisert frå ungdomspresten at ein bør få på plass ytterlegare 20% for å få ei god utvikling og stabil drift av arbeidet. Det bør vere ei målsetting at dette kjem på plass frå 1.oktober 2017. Korleis stillinga blir organisert er ikkje heilt avklart, men ein kan sjå føre seg ei fordeling på to personar, der ein har som hovudoppgåve å følgje opp leirverksemda, mens den andre får meir ansvar for leiartreningsopplegget.

### **Lønsplassing ungdomsarbeidar**

Det er naturleg å tenkje seg at ungdomsarbeidaren blir plassert i lønsgruppe 1, «stillingar utan særskilt krav til utdanning». Kva stillingskode ein skal velje er jo ikkje så avgjerande, men det er kanskje naturleg å tenkje seg 5228 «Menighetsarbeider». Om ein tek omsyn til Silje som i dag har stillinga så er ho plassert med 2 års ansiennitet. Da er garantiløn (minsteløn) 292.000 kroner i full stilling. Timeløn blir 150 kroner.

Det er usikkert om Silje ynskjer å fortsette i den stillingstorleiken ho har no, og eventuell lønsplassing av andre er vanskeleg å spå. Det er difor i det vidare rekna ut lønsutgifter til stillingskode 5237 «Menighetsarbeider» i lønsgruppe 3 (stillingar med krav om høgskuleutdanning) og stillingskode 5248 «Menighetspedagog» i lønsgruppe 4 (stillingar med krav om utdanning i samsvar med tenesteordning for kateketar). Begge med 2 års ansiennitet.

### **Arbeidstid og tilleggsløn**

Det er arbeidsmiljøloven, hovudtariffavtala og særavtalene i KA området som regulerer arbeidstida til tilsette i kyrkja. Ungdomsarbeidaren er mykje på leir og turar, og ein må da prøve å rigge dette på ein slik måte at ein fylgjer dei rammene som ligg er i avtaleverket samtidig som ein prøvar å vere pragmatisk for å få





# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

gjennomført leirar og turar. Ein oppsummering av rammene vil bli slik:

Maks arbeidstid per døgn er 9 timar, og per veke (7 dagar) er maks arbeidstid 40 timar. Dersom ein lokalt avtalar det kan dette utvidast med arbeid av passiv karakter med maks 2 timar per døgn og 10 timar per veke. Arbeid av passiv karakter kan bli avspasert eller lønast med 1/3 løn. Den tida som brukast til leir som ikkje reknast som arbeidstid skal lønast med 1/3 timeløn for kvar time. Frå og med det 8. leirdøgnet per kalenderår utbetalast ei godtgjerse på 700 kroner pr. døgn. Arbeid på laurdag og søndag skal godtgjerast med 50 kroner per time. Kveldsarbeid etter klokka 17.00 godtgjerast med 50 (56 for stillingskode 5237) kroner per time.

Ein gjennomgang av alle prosjekt og arbeidsoppgåver knytt til stillinga er utrekna, og visar eit estimat på normalarbeidstimar, kveldsarbeid, arbeid på laurdagar og søndagar talet på leirdøgn og tal på timar på leir utanom arbeidsplanen. Det er ingen tvil om at å vere på leir krev mykje av arbeidstakar. Det er avgjerande at ein så langt det er mogleg legg opp leiren slik at arbeidstakar ikkje arbeidar meir enn det som ligg i arbeidsplanen.

Ei utrekning visar at total tilleggs løn blir 26.376 kroner. Hovudavtala legg opp til at slik tilleggs løn kan utbetalast månadleg. Det månadlege beløpet er 2.198 kroner. Slik tilleggs løn er pensjonsgivande. Det kan vere at tilleggs løn bør utbetalast på etterskot, da mykje av tillegga er knytt til avgrensa prosjekter. Dersom ein må ha ein vikar til dette arbeidet (for eksempel på leir) bør ein legge opp til at tillegget er disponibelt til vikar.

## Total lønskostnad

Løn ungdomsarbeidar Lgr. 1 50% med tilleggs løn og sosiale utgifter (KLP 15%)	233.809 kroner
Løn ungdomsarbeidar Lgr. 3 50% med tilleggs løn og sosiale utgifter (KLP 15%)	297.562 kroner
Løn ungdomsarbeidar Lgr. 4 50% med tilleggs løn og sosiale utgifter (KLP 15%)	319.026 kroner

Tabellen over visar lønsutrekning for stillinga. Pensjonsutgiftene er sett til 15 %. Denne varierer avhengig av pensjonsløyising. Dei andre tala fylgjer av hovudtariffavtala. Tabellen kan ikkje summerast på vanleg måte, den er meint som ei oversikt over dei forskjellige faktorane i totalbiletet.

## Fordelingsnøkkel

Ein foreslår å fordele utgiftene på eit gjennomsnittleg tal på konfirmantar innanfor kvart fellesrådsområde. Dette talet bør reviderast kvart 2.år, basert på dei to siste åras konfirmanttal. Ein kan også sjå føre eg andre fordelingsnøklar, for eksempel basert på tal medlemmar frå 0-18 år. Dette prosjektet kjem mange av årskulla i soknet til gode, og er ein vesentleg del av trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane. Ein reknar med at det likevel er relativt lite forskjell på dei to ulike utgangspunkta for fordeling.

## Fordeling av utgifter 2017 fram til 31.august

For perioden 1.januar til 31.august 2017 vil fordelinga bli slik:

Fellesråd	Tal på konfirmantar	Del lønskostnad
Notodden	110	26697
Hjartdal	18	4369
Sauherad	30	7281
Nome	53	12863
Bø	45	10922
Seljord	27	6553
Vinje	35	8495



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Tokke	19	4611
Fyresdal	14	3398
Kviteseid	24	5825

Detta må på plass for å få gjennomført leir i 2017 og for å få på plass dei forpliktingane ein har i samband med stillinga til ungdomsarbeidar som har arbeidskontrakt ut august 2017. Ein reknar med at dette handsamast på same måte, på same grunnlag som blei avtalt mellom kyrkjevevjene på møtet 14.04.16.

## **Fordeling frå 1. boktober 2017**

Denne saka burde vore handsama før fellesråda satt opp sine budsjett for 2017, men for å sikre prosjektet vidare foreslår ein no å få på plass ein ny avtale for stillinga vidare seinast i august 2017. Da kan ein legge dette inn i budsjetta frå 2018. Ein vonar at fellesråda kan finne løysingar for inneverande år slik at vi kan få på plass ei 50% stilling frå 1.oktober. Utgiftene på fellesråda for ein 50% stilling frå 1.oktober til 31.desember 2017 samt frå og med 1.januar 2018 visas i tabellen.

Den mest relevante og rettferdige måten og rekne ut fordelinga på er å ta omsyn til talet på konfirmantar. Estimert gjennomsnittleg tal på konfirmantar og fordeling gir eit totalt tal på konfirmantar på 370 (380 frå og med 1.1.2017 når Nissedal blir med).

I tillegg til summene i fordelinga foreslår ein at ein legg på 20.000 kroner årleg til administrasjon av stillinga. I dette ligg det kontorhald, rekneskapsføring og anna administrasjon.

For å skape tryggleik for den tilsette og for Seljord kyrkjelege fellesråd foreslår ein at oppseiing av avtale må gjerast i seinast 1.desember og blir gjeldande frå og med det andre rekneskapsåret etter oppseiinga.

Ein foreslår ungdomspresten i Seljord blir dagleg leiar for ungdomsarbeidar med Seljord kyrkjelege fellesråd som vertsfellessråd og arbeidsgjevar, og at prostirådet blir eit slags styre for arbeidet vidare.

## **Prostirådets rolle**

Prostirådets rolle bør vere eit organ som kan samarbeide med ungdomspresten om planar og vidareutvikling av prosjektet, samt fungere som eit overordna organ dersom det skulle oppstå behov for avklaringar i samband med samarbeid.

## **Samarbeidsavtale**

Det ligg føre eit forslag til samarbeidsavtale mellom Seljord kyrkjeleg fellesråd og fellesråda, på vegne av sokneråda:

## **Vegen vidare**

Kyrkjevevjene i dei sokna som er med i prosjektet ber fellesråda om å handsama saka i dei respektive sokneråda og signere avtala innan utgangen av august 2017, og ber kyrkjevevja i Seljord i samarbeid med ungdomsprest og prostiråd forberede tilsetting av ungdomsarbeidar i 50% stilling frå og med 1.oktober 2017. Helsing frå kyrkjevevjelaget i Øvre Telemark prosti

## *Forslag til vedtak:*

Sauherad og Nes sokn vedtek å gå inn på den skisserte avtala og betale vår del av kostnadane.

## *Møtebehandling:*

Soknerådet ber om forklaring på kven som sit i prostirådet.





# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## *Vedtak:*

Sauherad og Nes sokn vedtek å gå inn på den skisserte avtala og betale vår del av kostnadane. Desse kostnadane må legast inn i budsjettet for neste år.

## **Sak 019/17 Forslag til nye reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte**

Kyrkjerådet har sendt ut eit høyringsnotat om nye valreglar for val til sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøte. Høyringsfristen er 14. juni.

Det blir ikkje lagt opp til dei store endringane, men en del interessante spørsmål blir stilt, ma;

- om det skal vere direkte val eller kombinasjonsval av leke medlemar til bispedømeråd og kyrkjemøtet.
- fleirtas eller forholdstalsval
- tilskotsordningar
- personstemmer og strykningar (bør ein gjeninnføre retten til å stryke kandidatar?)
- valform, supplerande nominasjon mm.

Kyrkjeverja meiner det er viktig å la seg høyra når ein blir spurt om det, og der lokalkyrkja har meiningar å kome med. Eg foreslår difor at soknerådet vel ein eller to representantar, som saman med kyrkjeverja kan lage eit utkast til høyringssvar

## *Forslag til vedtak:*

Soknerådet vel NN og ?? til å utarbeide eit høyringssvar.

## *Møtebehandling:*

## *Vedtak:*

Soknerådet vel Geir Valle saman med kyrkjeverja å utarbeide eit høyringssvar.



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Sak 020/17 Besøk frå USA sommaren 2018**

Roselyn Hanson Weber, som var kantor her i perioden 2006-2011, har teke kontakt og varsla at koret ho dirigerer i Zion Lutheran Church i Anoka, Minneapolis, USA kjem på besøk hit neste sommar; 28-30. juli 2018.

Koret ønsker å treffe så mange som råd i løpet av desse dagana, samt å kunne halde ein konsert el.l i kyrkja og besøke Evju Bygdetun.

Kyrkjeverja ser det som viktig at kyrkjelyden legg til rette for og tek vel i mot eit slikt besøk. Det å oppretthalde og knytte nye kontakter er verdifullt.

### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet set ned ein komité med Ivar Solbu, Bruno Hageman og Jorid Vale som får i oppgåve å førebu dette besøket.

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Soknerådet set ned ein komité med Ivar Solbu, Bruno Hageman og Jorid Vale som får i oppgåve å førebu dette besøket.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond M. Haugen  
kyrkjeverje